

## Matproduksjon i globalt æveperspektiv - til NBS

Sogn og Fjordane og Hordaland BS ser at det trengst radikale endringar i jordbruket for å leve opp til slagordet om æveperspektiv for matproduksjonen. Vi anerkjenner omgrepa antropocen, menneskeskapt masseutrydding og menneskeskapte klimaendringar.. Vi anerkjenner behovet for miljøkrav, gjødselregelverk og energiavgifter, men på nokre viktige vilkår.

1. Vi kan ikkje legge miljøkrav på norsk landbruksproduksjon på ein slik måte at norsk ganske berekraftig produksjon blir erstatta av mindre berekraftig import. Noreg må legge miljøskattar på importvarer produsert på måtar som ikkje er tillatne i Noreg. Om internasjonale handelsavtalar står i vegen for slike ordningar må dei endrast slik at konkurranseforholda blir rettvisе.
1. Oppdrettsfisk og landhusdyr må få same regelverk for gjødselhandtering og dyrevelferd.
1. Ulike miljøomsyn må vektast balansert. Klimagassutslepp er for dominerande i samfunnssamtalen samanlikna med andre utfordringar vi har. Det finst sterke krefter som seier at klimakrisa kan løysast med tek-fiksar, som metanhemmarar er eit døme på. Det gjer dei fordi dei vil tene pengar på det. Naturmangfaldskrisa er vel så viktig, men her er den kjedelege sanninga tydelegare: den einaste løysinga er at vi menneske breier oss mindre på kloden vår.
1. Jordbruket kan gjere litt, men det aller meste er det andre sektorar som må gjere. Mat må vi ha. Det er andre sider ved livsstilen vår som er viktigare og enklare å endre på.

Vi vil oppfordre leiaren vår til å våge å gå endå lenger i å snakke tydeleg om kva endringar som må til for at matproduksjonen vår skal vere berekraftig.